

Frå Filippinene til haustferie på Skorpo.

10.10.2016



Ein båttur i nydeleg haustver fører Susan, Artemio og Joachim til ferieparadiset på Skorpo.

Det er haustferie, og mange legg ferieveka til Uskedalen i det nydelege haustveret. Nokre av dei er langvegsfarande, og i dag trefte vi det filippinske ekteparet, Artemio og Susan, på Spar-butikken. Saman med svigersonen Joachim Fjell hadde dei teke båtturen frå ferieparadiset til Joachim sin familie på Skorpo over til Uskedalen for å handla.



Feriefolket på Skorpo trivest på Spar Uskedalen. Det gjorde Susan og Artemio og.

Susan(46 år) er i Norge for første gang medan Artemio(59 år) har vore her ein gang tidlegare i 2010. Dottera deira Christel har budd her i landet i 7 år og har no fått norsk statsborgarskap. Det smilande filippinske paret skal no vera i Norge hos dottera og svigersonen i Sandnes. Dei kom i august og skal etter planen vera til i slutten av februar.

Artemio snakkar engelsk så det er han som fører samtalene. Han fortel at dei likar seg svært godt i Norge. Han rosar norske folk som venlege, og samtidig er han svært tydeleg på at dei set pris på både naturen og kulturen her i landet. Artemio er svært interessert i musikk, og dottera Christel er særdeles flink til å syngja. No ser Susan og Artemio fram til å høyra Christel syngja med eit norsk band. Dei gleder seg stort for det vert første gongen dei høyrer dottera i ein norsk setting.

Christel er eldste jenta i søskenkflokkon på fem, - 3 jenter og 2 gutter. Dei er svært stolte over at ho no har sikra seg utdannelse som tannlegesekretær. Artemio fortel at han har hatt fleire jobbar. Han har kjørt mykje taxi, og så har han mellom anna jobba i eit firma som laga vassreinsesystem for å skaffa rent drikkevatn.

- Several jobs give more money, seier han med eit smil.

Dei to ser med spenning fram til vinter og snø. At det vert kaldt er dei sikre på, og illustrerer det med at dei må ha mange lag med kle. Dei synes det er kaldt no og, men er godt kledd.

Når eg spør om dei skal prøva å stå på ski, er dei usikre på det, men dei legg stolt til at dottera deira kan stå på ski.

No ventar fine dagar på ferieparadiset som bestefar til Joachim bygde på Skorpo i 1974. Deretter reiser dei tilbake til Sandnes og gleder seg stort til å høyra dottera opptre. Etter å ha opplevd at den norske vinteren kanskje ikkje er så kald, set dei kursen heim til Filippinene og varmen der.

På Skorpo håpar Artemio å få dyrka favorithobby nr. 1, fisking!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland